


Osingen

Årsskrift 1987
Utgjeve av Os Mållag



Osingen 1987

Utgjeve av
Os Mållag

INNHALD:

Bente Bratlund Mæland: Også no	side 1
Troung van Quy: «Eit smil kan gje oss ein betre dag»	side 2
Henrik M. Lyssand og Ivar Tvedt fortel til Merete Samdal: Muntre minne frå Os Musikkforening	side 5
Else Karin Bukkøy: Centimeterstriper av dagslys	side 9
Moro-sider	side 10-11
Samson Bjørke: Litt om militærstaden Osøyro	side 12
Annianas Lien: Tresko og treskoarbeid	side 15
Lars A. Strønen: Treskokrakken	side 17
Kåre Herdlevær: Jugoslavlar som krigsfangar	side 18
Bente Bratlund Mæland: Svetlana Krizova	side 19

Skriftnemnd:

Samson Bjørke
Bente Bratlund Mæland
Kåre Herdlevær
Margit Tøsdal
Iostein Rottingen

Framsida og teikningar:
Berni Kristiansen

Trykk:

Risan & Larsen A.s. Os

Kr. 20,-

Til lesaren

Tredje gongen er merkande, heiter det i ordtaket.

Når Os mållag no sender ut tredje utgåva av «Osingen», er det i von om at årsskriftet må bli like godt motteke i år som tidlegare.

Det ville då tyda på at «Osingen» kan bli ein varig, årvisst gjest i heimane i Os. Ja, ikkje berre her, men og utanfor bygda, -t.d. som jule- og nyttårshelsing til dei som interesserer seg for gamalt og nytt frå Os.

Med det som i dag kallast det utvida kulturomgrepet, finst det så mange interesser å dyrka.

Men i det allsidige kulturarbeidet er språk og språkkrøkt serleg viktig. Språket er og blir grunnlag for ånd og tanke, såvel som den viktigaste reiskapen i samarbeid mellom menneske.

Målet vårt gjev oss identitet og røter, lokalt og nasjonalt. Språket er ein menneskerett.

Kven ville til dømes i vår tid våga å hevda at samiske born ikkje bør få læra sitt morsmål? Men enno finst det fordomar i fleng når det gjeld nynorsk. Heldigvis blir stendig fleire med i positivt mål- røktarbeid.

Eit hundre og to år har gått sidan Stortinget gjorde sitt fram- synte jamstillingsvedtak: «Regjeringen anmodes om at træffe forføining til at det norske folkesprog som skole- og officielt sprog sidestilles med vort almindelige skrift- og bogsprog».

Kor mykje gledeleg har det ikkje hendt sidan dette vart sagt, -i skuleverket, i massemedia, teater, kunst og litteratur? Nynorsken blømer side om side med bokmålet, og begge utviklar seg vidare i levande kappestrid. La oss vera på vakt og verna om den nasjona- le arven i nynorsken og dialektane! Måtte den heimlege tankereis- kapen få sin rettkomne plass i eit framtidig stendig utvida kultur- omgrep.

God jul til alle lesarar!

Med helsing frå skriftnemnda



Helsing

Til

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå



Arne Mæland

OGSÅ NO

Også når du er
langt borte
er du her
i meg

ord du har sagt
som har rørt ved meg
lever der inne
stunder vi har hatt
nær kvarandre

også no
kan eg møta deg
i eit rom i meg
som er ditt

Bente Bratlund Mæland

«Eit smil kan gje oss ein betre dag»

Av Troung van Quy

Etter at krigen i Vietnam slutta i 1975, har det gått ein straum med flyktningar frå landet. Dei fleste har teke seg over havet i små båtar, som oftast med Thailand eller Malaysia som reisemål. Mange flyktningar har vorte tekne opp av handelsskip i Sør-Kinahavet, m.a. av norske skip. Dei som har nådd fram til målet sitt, har stort sett vorte samla i store flyktningeleirar, m.a. på Filippinane, medan dei har venta på å verta overførde til mottakarlanda. Kor mange som har vorte borte på havet er det ingen som veit. Dei fleste flyktningane har kome til USA og Frankrike, men i dag er det vietnamesiske flyktningar i svært mange land.

Noreg har teke mot alle dei vietnamesiske flyktningane som er plukka opp på havet av norske bå-

tar, og dessutan såkalla kvoteflyktningar frå flyktningeleirane. Sentralt i norsk flyktningepolitikk står omgrepet «integrasjon». Det vil seia at flyktningane skal ha same rettar som andre nordmenn når det gjeld skule, arbeid, bustad o.l. Dei skal likevel ha høve til å dyrka sin eigen kultur og halda på sin eigen identitet; ein vietnamesar skal få vera vietnamesar i Noreg. Integrasjon må ikkje forvekslast med «assimilasjon», som tyder at utlendingar skal verta «norske» i levesett og kultur.

Den første vietnamesiske familien kom til Os i 1980. Sidan den tid har det kome nye familiar til kommunen fram til desember 1984. For tida bur det tre ungdomar og seks familiar i Os, til saman 16 vaksne og 23 born.

Noreg - landet som sikkert var heilt ukjent for mange av oss då vi var i Vietnam - har opna døra og teke i mot oss. Os har også gitt oss ein stad å bu. Samanlikna med folk som framleis lid under eit umenneskeleg system bak jernteppet, og med dei som ikkje greidde å koma fram, er vel vi mykje heldigare. Ta dette som utgangspunkt og ta til på nytt, plar vi seia.

Trass i at vi er komne til eit framandt land med framandt språk og heilt ulik kultur, skilt frå familie og vener, prøver vi heile tida å verta integrerte i det norske samfunnet for dermed å kunna stå på egne bein.

Finst det to soler?

Alt var nytt. Vi kjende oss som barn. Alt måtte lærast igjen. Ein kunne lett sjå bekymringsfull ut i augene. Dei første dagane dreidde det seg mest om klima. Korleis kunne vi aklimatisera oss til norsk vinter - eit heilt uvant klima for oss? Nordmenn er jo fødte med ski på beina. Vi såg på kvarandre og tvilte mykje. Tida gjekk, og det viste seg at ikkje alt er så umogeleg likevel.

Den norske levemåten vert forma av årstidene - fritidsaktivitetar og det sosiale livet vert bestemt av utetemperaturen. Vietnam derimot har jamn temperatur året rundt. Spesielt i sør, der vi kjem frå, er det berre to årstider, tørketid og regntid. Sosiale aktivitetar foregår såleis utandørs. Difor opplever vi vintertome gater og mangel på uteliv som uvant og ganske kjedelig.

Om vinteren når nordmenn går på ski, sit vietnamesarane ved vindauga og ser på snø og lengtar etter sol. I ein viss grad føler vi at vi står utanfor det som skjer rundt oss. Det hjelper mykje om du har noko å driva med, slik at du får vekk kjensla av å vera einsam. Vi



Klar til å møte den norske vinteren.

tenkjer på vietnamesiske kvinner som ofrar mykje for familiene sine. Mannen og barna deira står alltid først. Når mannen er på arbeid, barna er på skule, sit ho åleine heime med heimlengsel og byrjar gråta. Det er noko som manglar, men ho veit ikkje kva. Finst det kanskje to soler, ei her og ei anna ho hadde i Vietnam? Ho kjenner seg meir einsam enn dei andre. Ho har ikkje høve til å få kontakt med samfunnet.

Språkvanskar

Dei manglande språkkunnskapane er eit stort problem. Mange vert isolerte på alle måtar. Informasjon må omsetjast til vårt språk. Mange forstår ikkje det som vert sagt i fjernsyn og radio, og det å lesa aviser er det sjølvstøtt sjeldan ein gjer. Vi har store vanskar med å gjera oss forstått i butikkar og i andre samanhengar der det vert brukt norsk. Det er som å leva i eit vakuum. Det er frustrerande når vi ikkje skjønar kva som vert sagt rundt oss. Etter kvart vert det ein psykisk belastning. Problemet fører til at det kan vera vanskeleg å få til ein meningsfylt samtale med oss på grunn av både språklege og kulturelle barrierar.

Som flyktningar får vi eit tilbod om 240 timars un-

får praktisera språket, gløymer ein fort det vesle ein har lært.

Når vi har kontakt med nordmenn dukkar det heile tida opp problem som har med språk og kulturell forskjell å gjera. Ein ganske vanleg norsk samtale kan verka ubehageleg på oss. «Har du barn?» «Ja, eg har to barn,» svara ho. «Er du gift?!» Slik vart ei vietnamesisk kvinne spurt. Det hender sjølvstøtt at nokon får barn utanfor ekteskapet, men vietnamesarar skammar seg når spørsmåla vert stilte i denne rekkjefølgja.

Ein annan historie som skjedde 17. mai: «Skal de gå i tog?» «Nei, vi skal køyra bil.» Vedkommande lo, medan dei vietnamesiske barna stod og ikkje forsto kva som var morosamt.

Sjølv om mange har forestilt seg at det er vanskeleg å læra norsk, vert vi fortvila når vi innser at det å kunna norsk dårleg fører med seg mange problem. Vi må heile tida kommunisera på eit nivå som ligg under vårt eigentlege prestasjonsnivå. Dette går inn på oss, og svekkar sjølvbiletet vårt. Dårleg uttale fører til at vi ofte vert misforstått, sjølv om orda er rette. Ofte me-



Skal tru kva dei leikar her?

dervisning i norsk, men det er få som lærer seg norsk på denne korte tida. Som regel nyttar kvinner seg mindre av dette tilbodet, på grunn av at dei har lita tid til å driva med anna ved sida av husarbeid og barnepass, noko som gjer at dei er opptekne heile døgeret. I Os bur ein langt frå kvarandre, ikkje så tett som i Vietnam. Sidan kvinnene ikkje går ut i arbeidslivet, har dei ingen sjanse til å snakka norsk. Når ein ikkje

strar vi ikkje den norske kulturelle koden, og sjølv dei som kan nokolunde norsk oppfattar kanskje ting anleis enn dei er meint.

Korleis reagerer nordmenn når dei ikkje forstår kva som vert sagt? - kva som verkeleg er meint? Det veit vi ikkje. For oss er det ubehageleg. Det er det sikkert også for dei norske. Vi vert sosialt usikre og prøver å halda oss på avstand frå nordmenn.

Informasjon er viktig

Ofte har ein lagt merke til at vietnamesarar er lite vane med den måten det norske systemet fungerer på. Noreg har eit omfattande administrativt apparat til å omfordela goder slik at heile folket får del i dei. Den politiske situasjonen i Vietnam, både før og etter 1975 då kommunistane tok makta, er heilt annleis. Vietnamesarane si erfaring med offentlege kontor er difor svært begrensa.

Mange av oss er i arbeid no. Dette gjer at behovet for informasjon stadig aukar. Mangel på kunnskapar om samfunnet og feilopplysningar fører til mange uheldige misforståingar. Informasjonskjelder er mellom anna offentlege kontor, nordmenn og landsmenn som er komne før oss. Det er ikkje alltid desse opplysningane stemmer med kvarandre. Vi står liksom i eit kryss og lurar på kven som eigentleg har rett. Vi treng rette og nyttige kunnskapar for å få til ein balanse mellom det å vera vietnamesar og det å tilpassa oss til norske forhold. Vi kan jo ikkje forneakta vår tidlegare bakgrunn og gå inn for å verta mest mogleg norske.

Utdanning vårt høgste ønskje

No er våre høgste ønske at barna skal kunna få seg ei utdanning, som vi aldri har fått høve til. Det som likevel bekymrar oss mest er korleis dei kan ta vare på sin eigen kultur, og samstundes freista å tilpassa seg i det norske miljøet. I denne prosessen spelar «det å kunna morsmålet» ein viktig rolle. Det verkar som om mykje må gjerast for at ein skal vera villig til å leggja vekt på dette. Foreldra har altfor lite verkeleg kontakt med skulen og lærarane. Når det gjeld morsmålslærarar er det skilnad mellom norske og utlandske lærarar. Plikt og ansvar burde kanskje vore meir regulert enn det er i dag.

Det er eit problem å få godkjent den utdanninga

som ein har frå sitt eige land. Dette gjer at ein ikkje kjenner seg trygg i morsmålsfaget i Noreg, og fører til at ein heile tida må tenkja seg eit anna alternativt arbeid. I denne situasjonen er det vanskeleg å arbeida effektivt.

Nokre få timars morsmålstrening kan barna få på skulen. Spørsmålet er om dette er nok. Som barn er dei svært interesserte i vietnamesisk språk. Røynslene viser at di eldre dei er, desto mindre er denne interessa, på grunn av at ordtilfanget deira er nokså begrensa. Dette gjer at det også er vanskeleg å lesa vietnamesisk litteratur. Barna - den neste generasjonen - kjem til å snakka norsk flytande og kanskje ha ein norsk tankegang. Men ønskjer dei å verta assimilererte i det norske samfunnet? Eller vert dei assimilererte likevel utan å ha lagt merke til det? Skal dei stå i eit kryss nett som oss, og i tillegg mangla rot i den røynelege verda dei lever i? Er det sant at fridomen krev sin pris, slik ein venleg nordmann vi snakka med stilte som spørsmål? For oss er lukka svært enkel. Eit smil, ei varm helsing frå folket som har gitt oss ein stad å bu, kan gje oss ein mykje betre dag.

Takk

I dette høvet vil vi gjerne få retta ei takk til alle nordmenn på Os som er så sympatiske mot oss. Ei særleg takk til dei offentlege kontora, m.a. helsestasjonen, distriktstannklinikken, lensmannskontoret, kulturkontoret, skulekontoret, Os yrkesskule, Nore Neset og Kuventræ skule og Flåten barnehage, som kvar på sin måte har sytt for at vi litt etter litt kunne verta integrerte i det norske samfunnet. Den største takka går til sosialkontoret, som har vore rettleiarar for oss. Utan denne hjelpa ville det vore umogleg for oss å tilpassa oss til norske forhold. Den gjestfridomen og venlegheita vi møter i Os kan vanskeleg betalast attende.



Borna ser lyst på framtida.

Muntre minne frå Os Musikkforening

Henrik M. Lyssand og Ivar Tvedt fortel til Mette Samdal

«Lenge leve Os Musikkforening - Den skal staa naar noget andet ramler» - står det i sekretærboka - datert 25. desember 1902, vel eit år etter at foreninga vart stifta.

Os Musikkforening er inne i sitt 87. år. No nede i ein bølgedal etter dei fantastiske sesongane i 1984, -85 og 86 då foreninga markerte seg både nasjonalt og internasjonalt.

«Dette er nok høgdepunktet i musikken sitt 85-årige liv», og Henrik Lyssand sa seg einig.

Desse to nestorane har følgd Os Musikkforening i med og motgang i over ein mannsalder. Det er moro å høyra dei fortelja om gamle dagar i musikken, om det dei sjølve har opplevd, og det dei er blitt fortalde av det som dei oppfatta som gamlekarane. Nokre av desse hadde vore med og stifta Os Musikkforening.

«Tufta-Nils'n» gifter seg

Både Henrik'n og Ivar'n har stor respekt for dei som sette i gong i 1901. At foreninga trass alle vanskar kom så godt i gang frå starten, var det nok «Tufta-Nils'n» frå Moberg å takka. Han var ei eldsjel som både hadde ideane og makta å få dei gjennomførte.

Hans Bertelsen kom frå Oslo i 1901, etter å ha gjennomgått «Feltartilleriets Musikksskole i Kristiania». Han var den einaste av stiftarane - «som forstod sig paa noter og disses skrivning». Han gjekk rundt til dei ni andre og instruerte - ein kveld hos kvar. Då ei tid var gått, byrja dei å øva saman, og desse øvingane gjekk oftast føre seg på «Larsabakkane» (Kuvensstasjonen).



Bilete frå 1904.

Sitjande på golvet: Hans Bertelsen («som forstod sig paa noter og disses skrivning»).

Sitjande frå venstre: Fru Anna Moberg, Sverre Nicolaysen, Nils Bertelsen, Martha Moberg, Ukjent, fru Anna Marie Nicolaysen, Jon O. Tøsdal, Thomas J. Os.

Bak frå venstre: Sigurd Engen, Nils Olson Ytre Moberg (Tufta-Nils'n), Hans H. Moberg, L. N. Nicolaysen, Anders Kuvén, Nils Haukeland, Ola Tøsdal.

At framgongen var stor og musikken god, forstår me av ein uttale frå «Torgils-Brito», som budde nær «Larsabakkane»: «At de kunne blydna adle på ein gong, va no so, men at de kunne slutta te sama ti', da va no aldeles utrulæ - !»

Men før me kjem vidare med å skryta av dei iherdige slitarane opp gjennom åra - , eller leggja ut om dei kummerlege tilhøva for musikkøvingane, vil Henrik'n inn med ei historie som syner at desse karane ikkje gav seg så lett.

«-Tufta-Nils'n» skulle gifta seg 12. august 1902. Musikken var sjølvsagt med for å kasta glans over dagen.

Dei kom marsjerande til bryllaupsgarden. Det var for det meste «Valisisk Marsj» og «O. Olsens Jægermarsj» det gjekk på dei første åra.

Det var eit bryllaup på Neset same dagen. Då dette brurefølget kom innover, tok musikken oppstilling utanfor «løo» og ville spela for desse brurfolka òg. Følget frå Neset var stort, og dei tok omlag heile vegbreidda. Dei passerte «musikken» på den smale kjerrevegen akkurat utanfor «møttingjo». Det vart trøngt å koma forbi, og «musikken» vart pressa ut til sides. Og så gjekk det ikkje likare enn at stortrommeslagaren med alt utstyr datt baklengs i «møttinghø-

let». Slutten av historia er referert slik: «Han slo so lengje han va oppe- !»

«Longe-Henrik'n» og stortromma

Ein lett tone - ikkje berre musikalsk, høyrst det ut til å ha vore i foreininga gjennom alle år. Når gamlekarane fortalde til Henrik, Ivar og dei andre, så sa dei alltid: «Ja, me tok vel kanskje det musikalske for lite alvorlig, men du så festlig me hadde det». Den gemytlege tonen desse karane slo an har sidan sett sitt preg, og eg trur eg tør sei at han er foreininga i dag og.

Medan me snakkar om denne uhøgtidlege, gemytlege tonen, kjem Henrik'n på ei historie frå ein 17. mai i 20-åra:

«Longe-Henrik'n» slo stortromme og Andreas Kuven spela bass. Dei er hovudpersonane i denne historia. Det hadde gått bra med spelinga heile dagen. Om kvelden skulle «musikken» spela på folkefesten på Osøyro. Det skumra litt om kvelden. Me sette i gong å spela og folk opna dansen, «men da gjekk heilt gale me' Henrik'n på trommo. Han slo i hytt å' ver. Peders-Nils'n på Kuven kom endå te' opp på trebun'n te' oss og kjefta øve at musikkjen vår gjekk 'kje an å dansa itte'!»



Bilete frå 1910.

Sitjande frå venstre: Peder Songstad, Mons Lyssand, Lars Johnsen Moberg, Torbjørn Lyssand, Hans Bertelsen, Nils Bertelsen, Andreas Bertelsen.

Bak frå venstre: Ola Tøsdal, Thomas J. Os, Karl Andersen, Bernhard Midthus, Anders A. Mobergsstolane, Lars Moberg, Andreas Kuven.

Lenge etterpå fortalde «Longe-Henrik'n» kva det var som hende. Han brukte ikkje notar (eit ikkje ukjent fenomen også i dag bak i slagverket), så under spelinga tidlegare på dagen hadde han sett på Andreas Kuven sitt kinn. Kvar gong denne skulle setja an ein tone på bassen sin, så laga det seg ein kul på kvart kinn.

«Eg slo kvar gong eg såg ein kul», sa «Longe-Henrik'n,» men du veit, om kvel'n vart da so mørkt at eg såg 'kje kul'n på kjelkjen te' Andriass'n, og då kan du sjønna da gjekk gale - !»

Å stemma kontrabassen so felo

Enkelte gonger såg det heilsvart ut for «musikken», med t.d. fråfall av enkelte sentrale personar, brannen i Fjellheim, dirigentproblem og alltid stram økonomi.

Når me sit og pratar om det, så kjem det for meg at Os Musikkforening har eit fellestrekk med katten, - kor gale ein har kome ut i det, så har ein alltid landa på beina.

Ukueleg optimisme har det vore i foreininga til alle tider. Berre tenk på «Os Strykeforening» som vart starta i 1909 (kom med i Os Musikkforening i 1929). Ingen hadde den minste erfaring, og «de hadde mange viderverdigheter». Dei fekk undervisning pr. telefon av Einar Kaland, og «ved felles indre selvstudium gikk det over forventning -fremover».

Lars N. Nicolaysen var den drivande krafta alt frå starten. I 1923 reiste han frå Os. I neste periode overtok Sigurd Bugge med same ukuelege optimisme.

Han var formann og kasserer samstundes. Han jobba iherdig for å skaffa nye instrument. Han laga sjølv ein cello som var i bruk. Den første kontrabassen i foreininga fekk han kjøpt inn.

«Å-ja, da husk' eg», seier Henrik'n «Kontrabassen kom sendanes frå by'dn.

Ingjen hadde vøre i nærleikjen tå eit so gjevt instrument. Men da skremd'ikje Sigur'n. Han ringde te by'dn og fekk veta at bassen vart stemd E - A - D - G. ja,- då va da grett, da va jo akkoratt so' felo».

Det han ikkje fekk vita var at på kontrabassen var E den lavaste tonen, og so vert instrumentet stemt i **kvartar oppover**. E på fiolin derimot, er den lysaste/øverste tonen. Så vert dette instrumentet stemt i **kvintar nedetter**. Og dette gjekk han i gong med på kontrabassen.

«Du veit da vart jo hakkande gale. Den fø'ste strengjen vart to tonar for høg, dan andre ein kvart, neste ein kvint.

Sigur'n va sterk i klubbena, men han måtte te' me' knipetongjo. Han kjende at instrumentet sto' i spenn, så han la ein striesekk øve, i te'felle strengjena sko' ryka. Og da va da løye di ikkje gjor'e og, for dan siste strengjen prøvde han å få ein sekst øve da so va rett.



Bilete frå 1930.

Sitjande frå venstre: Lars Moberg, Johannes Lyssand, Mons Lyssand (dirigent), Harald M. Lyssand, Sverre Nicolaysen.

Ståande frå venstre: Sigurd Bugge, Henrik M. Lyssand, Ivar Tvedt, Nils Hauge, Bjarne Lyssand.

Sigur'n strauk øve strengjena, og bassen skreik so' ein gris».

Han skjøna dette måtte vera gale, så han tok kontakt med fagfolk og fekk dei rette informasjonane. Så gjekk han straks i gong med å læra opp Bjarne Lys-sand på instrumentet. I dag brukar Hans Midtbø denne kontrabassen.

Julatrefest i Hegglandsdalen

«Bjarne, ja -!» No minnest Ivar'n juletrefesten i Hegglandsdalen.

Nokre av muskarane hadde lova å spele på Nore Neset, - å vera med på juletrefest i Hegglandsdalen var tradisjon. Desse to arrangementa kolliderte, - same dag og same klokkeslett. Då dette omsider vart oppdaga, var det for seint å gjera noko med det. «Men Sigur'n va'kje dan so ga seg, sjøl når da såg mørkast ut» Var det blitt lova, så måtte det kunne la seg gjera, meinte han.

«Det går. Vi halverer oss og reiser begge steder».

Sverre Nicolaysen var rasende. Han meinte det ville gå gale, men det enda med at han reiste med til Hegglandsdalen.

«Foruten Sverre var det Sigur'n, Nils Hauge, eg og Johannes Tvedt». Johannes'n kunne ein julesong på fløyte, så han måtte vera med. «Men me mangla ein cello.

Men da meinte Sigur'n sko' or'na seg. Bjarne va' nett blynt på bass. Da å setja han idn i koss da va å spela cello, da sko' Sigur'n læra'n på veien opp te Hegglandsdalen.»

«Men du veit, da å læra seg å spela cello i ein tett-pakka drosjebil ifrå Os til Hegglandsdalen, da kunn'kje gje resultat da. All dikkederingjo hadde teke ti', so då me endelev nådde ungdomshuset, va' me minst ein time for seint ute.»

Så var det å koma seg inn på scenen i ein fart. Instrumenta kom utanfrå kulden, og dei var vanskeleg å få stemde. Men no måtte me koma igong.

«Teppe' gjekk opp! - Dar sat Nils Tveit å káno, Olav Hansen å káno, Olav Skorpen å káno å mången andre. Forventningjen va' sikkert stor.

Me la no trøstigt i vei me'dan fø'ste julasongjen (dan so Johannes'n kunne på fløyto). Men so, - dar rauk a-strengjen te Sverre'n, lika ettepå rauk da ein streng for Nils Hauge, å du veit da va'kje lydlaust når dei for. Bjarne so'va nyutdanna på cello, haure me 'kje ein lyd tå. Av å te' kom da eit pip frå Johannes'n si fløyta.»

Me strevde oss gjennom to vers, men då sa det stopp. Det vart kunnngjort at på grunn av temperaturen i salen kunne ikkje musikken fortsetja denne avdelinga.

Så gjekk folk ned for å eta, og då fekk me tid til å skifta strenger, stemma - og til og med øva litt.

Sigur'n tok sjølv celloen, og då gjekk det bra. Så då folk kom inn igjen for å gå rundt juletre, spelte musikken til og skapte ei god stemning i salen.

«Ja, opptakten te' dan julafesten gløyme' eg aldri,» seier Ivar'n.

Elles har det vore mange gilde stunder når «musikken» deltok i Hegglandsdalen.

Sluttord

Me har fått oss mang ein god latter både Ivar'n, Henrik'n og eg medan dei har fortalt. Fleire historiar enn desse som er komne med her, er og fortalde -«men da e'kje adle so'egna seg på trykk,» seier Henrik'n

Namn som er brukt:

«Tufta-Nils'n» - Nils Olson Ytre Moberg, 1881-1905

«Torgils-Birto» - Brita Torgilsdotter Kuven, 1838-1906

«Longe-Henrik'n» - Henrik H. Lyssand, 1903-1975

«Peders-Nils'n» - Nils Pederson Kuven, 1899-1932



Centimeterstriper av dagslys

Eit kort utdrag av debutboka til Else Karin Bukkøy

Sjá.
Der kjem Gerd. Ut att.
Skal sei ho fyk. Stakkars Tor.
Han er jammen tolmodig.
Det er ikkje eg som kan halde på slik.
Ikkje eg heller.
Min mann hadde gått i flint.
Min òg.
Tre kvarter har ho vore heime.
Tru kvar ho skal no då?
Tor lagar mat. Legg barna.
Vi har jo sett sjølve.
Han vaskar vindaugo òg.
Eg trur han er flink.
Det er ikkje min mann som stiller
opp slik Tor gjer.
Tenk - fem barn.
Ho er jammen privilegert ho der.
Går kvar ho vil. Så ofte ho vil.
I tillegg er ho i arbeid.
Det har eg sett.
Av og til ser der jævlig ut.
Var borte hos Tor her ein kveld.
Gerd var på seinvakt. Fytti. Det var
ikkje eg som ville godteke eit slikt hus.
Spindeltev over kappene i gangen.
Lurer på kor lenge dei har stått urørte.
Men Tor er hyggeleg. Ein god ven.
Ein du kan snakke med.
Eg synest synd i han. Han er jammen
ofte aleine. Tru om Gerd bryr seg om han?
Ho kunne jammen stelt litt for han
innimellom.
Ungane er lovleg skitne. Ofte.
Ser ikkje ut som Gerd ser det.
Trude er verst. Den buksa ho yndar å
gå med, ser ikkje ut. Gerd kunne iallfall
sydd att hola. Fiksa ho opp litt.
Synest du ikkje?
Aldri har ho tid til kaffi. Hugsar du før?
Då ho hadde permisjon med Line?
Eller var det Ulf?
Då hende det ho stakk innom her.
Sat med oss og prata.
Lo òg.

Hugsar du kor fin ho var då ho gjekk
med magen? Kor fint håret hennar var?
No er ho skamklipt etter mine begrep.
Tenk å klippe det lange fine håret.
Og no?
Aldri.
Hastar fram og tilbake.
Smiler ikkje så mykje.
Skjønar ikkje korleis ho orkar.
Fem barn og jobb.
Tor er jammen snill. Som let henne.
Hadde aldri vore min mann.
Det er jo ingen overflod hos dei.
Nei. Dei treng nok pengane.
Ja. Gerd må sikkert jobbe.
Men ho kan vaske litt heime òg.
Det må jo vi andre. Utan blir det for
jævlig.
Og mannfolka?
Ja. Du veit. Det blir ikkje det same.
Ikkje alle er som Tor.
Eg trur han er flink.
Ser han vaskar vindaugo.
Nei — Gerd er privilegert. Det er sikkert.
Tru kvar ho skal no?



Trykt med løyve frå
Det Norske Samlaget

MORO-SIDER

av elevar i 6. klasse ved Søfteland skule

GÅTER

1. Kva er det som har tolv føter og seier «voff, voff, voff?»
2. Kor mange bokstavar er det i alfabetet?
3. Veit du namnet på ei musefelle på fire bokstavar?
4. Veit du om nokon som lever av røyk?
5. Kven er det som berre har eit horn og gje meir mjølk enn mange kyr?
6. Kva slag gåver vert ikkje mottekne med glede?
7. Finst det raude bikkjer?
8. Kva for ein stav kan ein ikkje stø seg på?
9. Kva er det som går opp når regnet går ned?

GLUPE ORD

Toppen av sjølvsikkerheta er å reisa seg i ei hengekøye.

Når ulukka er ute er det best å vera inne.

Eit kyss er eit uttrykk for eit inntrykk som blir påtrykt under høytrykk og skaper avtrykk på den trykte, slik at den undertrykte ikkje følar seg nedtrykt.

Livet er som potetgull, sprøtt og helsefarleg.

Kvifor hengja seg opp i problem når det finst tre?

10 Ja og Nei spørsmål om Noreg

1. Har Noreg 21 fylker?
2. Heiter den nordligaste byen i Noreg Vadsø?
3. Er Trondheim større enn Bergen?
4. Grenser Hedmark fylke til Sverige?
5. Ligg Karmøy i Hordaland?
6. Er Sola ein flyplass?
7. Ligg Lofoten i Nordland?
8. Ligg Bergen i Rogaland?
9. Er Noregs største fjell 2468 m høgt?
10. Er Oslo eit fylke?

SVAR - Gåter:

1. Tre hundar.
2. Det er ni bokstavar i ordet allabere.
3. Kutt.
4. Feiren.
5. Mjølkestein.
6. Oppgaver.
7. Ja, har du ikkje høvert om raude hundar.
8. Bokstaven.
9. Paraplyer.


10 SVAR:

1. Nei, 19 fylker.
2. Nei, Vardo.
3. Nei.
4. Ja.
5. Nei, Rogaland.
6. Ja.
7. Ja.
8. Nei, i Hordaland.
9. Nei, 2469.
10. Ja.

FINN 6 FEIL



GEOGRAFIKRYSSORD



LØYSINGSORD = Stad i Finnmark

1. Hovedstad i Japan.
2. Øy i Middelhavet.
3. Hovedstad i Romania.
4. Kjent stad i Noreg.
5. Delt by i Europa.
6. Land i Afrika.
7. Øygruppe i Middelhavet.
8. By i Noreg.

VITSAR:

Britt kom til sin far og spurte: Kan du skrive i mørket? Ja, sjølv sagt kan eg det, svarte faren. Då sløkker vi lyset så skriv du under i karakterboka mi.

Det var ein gong ein mann som skulle ro over på andre siden av sjøen med 460 jojoer i ein robåt. Robåten gjekk opp og ned 1000 gonger.

Skilt utanfor ein skule: Køyr ikkje over borna. Under skiltet hadde einkvan skrivi: Vent på lærarane.

Læraren: Petter høyr no her, varme får ting til å vide seg ut, og kulde får ting til å trekkja seg saman. Kan du gi eit døme på dette?

Petter: Sommarferien varar i 8 veker, men juleferien berre 14 dagar.

Ola og Lars møttes på vegen.

Kvar har du vore? spurte Lars. På skytebanen svara Ola. Traff du nokon kjende.

Englslæraren møtte ein av elevane sine som var ute med ein hund. Kva heiter hunden, spurte læraren. The dog, svarte guten.

I dag røysta vi over kven som var flinkast i klassen.

Ja så, kven vann?

Det vart uavgjort, vi fekk ei røyst kvar.

Reidar kom springande heim og sa: Mor, no må du skunda deg og gå i butikken og handla, for i morgon er kjøpmannen død -

- Kvifor det?

- Ja på eit skilt i vindauga stod det:

- Lever berre i dag.

GRISVITS:

To grisar møttes på fyllinga, der fann dei ein boks som det stod «syltelabbar» på. Då sa den eine: Eg visste ikkje at det fantes resevedelar.

PÅ AUKSJON:

Eg var på auksjon i går med mannen min. - Kor mykje fekk du for han då?

MOR VEIT DET.

Sonen: Far, kvar ligg Brasil? Faren: Spør mor, det er ho som ryddar.



KVA SLAGS ORD HØYRER SAMAN




Mohikaner	Baktus
Langstrømpe	Musketerer
Crusoe	Karlson
Karius og	Pippi
På taket	Den siste
De tre	Robinson

Norge	Ungarn
Themsen	Odense
Luleå	England
Budapest	Drammen
Danmark	Sverige



REBUS

Løysingsord: KIRKENES



ST+E

Svar: Sommarferie

Litt om militærstaden Osøyro

Av Samson Bjørke

Det kan vera vanskeleg å setja seg inn i det skiftande folkelivet som må ha vore på Osøyro i eldre tid. Mangt har endra seg sidan Øyro var ein fredleg kyrkjestad, der folk kring Fusa- og Samnangerfjorden samla seg til gudsteneste om sundagen, og elles eit og anna bryllupet og ei gravferd i ny og ne.

Forutan landingstad for båtar ved små bryggjer som stakk seg ut i sjøen der parkeringsplassen mot riksvegen ligg i dag, var det langs elva sett opp naust for grunneigarane og prestegarden.

Med andre ord vil me tru at Osøyro var ein fredeleg møteplass for dei som var busette i kommunen.

Men endringane vaks fram etter som åra gjekk og trongen for eit organisert samfunn auka på. At kyrkja har spela ein vesentleg rolle i denne endringa, er tvilslust.

Kyrkjestaden var eit samlingspunkt for folket, og det var naturleg at dei bruka preikesundagen til anna enn å taka del i dei kyrkjelege handlingane. Møta skyldfolk, prata med vener, leita seg ektemake og gjera handel, er nokre av dei gjeremål dagen vart nytta til.

Eksersisplass

To ting må nemnast når ein snakkar om endringar i det gamle bygdebilete frå Osøyro: Staden vart militær eksersisplass og ein fekk vertshus.

På heilt ulike måtar var desse tiltaka med på å skipa sundagsfreden. Erfaringane etter Kalmarkrigen i 1611, der soldatane for siste gong blei utskrivne etter den gamle leidangskipnaden, gjorde at det i 1615 vart vedteken ei ny herordning.

Etter den gamle skipnaden plikta kvar grend å senda ein soldat og reida han ut med våpen, klær, mat og anna utstyr når det var ufred. Desse soldatane var

uøvde, og gløden til å slåst var liten. Under Kalmarkrigen enda det heller tragikomisk i og med at ein stor del av soldatane rett og slett rømde heim att, avdi dei meinte «at dei hadde ikkje plikt til å verja landet, men derimot var dei viljuge til å forsvara heimbygda.» Av 32 osingar, for det meste tenestegutar og unge gardbrukarar, var det likevel berre 2 som rømde.

Den nye ordninga gjekk ut på at bygdene vart skifte i legder, kvar på 4 heile eller 8 halve gardar. Kvar legd hadde plikt på seg til å reida ut og syta for at soldatane fekk herøving.

Desse øvingane, som truleg ikkje heilt ut vart sett i gang før i 1628 då det Bergenhusiske Regiment vart oppretta, skulle gå føre seg ved kyrkja etter at preika var slutt. Til å få orden på eksersisen, vart det tilsett militære tenestemenn. Desse fekk førsteretten til å bygsla gardar som låg nær kyrkja. Og i Os finn me at Molda, Klyva og Kuven seinare vart slike gardar.

Legdene var skipa saman i kompani og desse att i regiment. Osingane vart organiserte i Nordhordlandkompaniet eller Oskompaniet som det etterkvart vart heitande (Os hørde den gong til Nordhordland). Kompaniet låg under regimentet som hadde 4 kompani. Frå 1657 vart namnet på regimentet endra til det Bergenhusiske Nasjonale Infanteriregiment.

Me ser her at det var nett kyrkja som blei sentral i dette tiltaket. Her var folk samla frå før om sundagen, og det fall naturleg at den nye forma for militær teneste vart lagd hit. På Osøyro var det framifrå tilhøve for øvingsplass. Flaten sør for kyrkja vart teken i bruk til desse øvingane. Opphavleg hørde området til prestegarden, men etterkvart som tida gjekk, vart staden fast militær eksersisplass, og Forsvarsdepartementet rekna seg som den eigentlege eigar.



«Telthuset» og Telthusplassen.

På telthustufta i sentrum av Os, der me i dag bygger opp nye forretningar, vart det sett opp opplagshus og depot. «Telthuset,» som osingane kalla det, stod heilt fram til i 1870 åra.

At desse øvingane fekk verknad på krigsinnsatsen, kan me tolka ut frå kompaniet sin innsats mot svenskane i Verdal under leiing av Eilerik Visborg i 1658, der dei kasta fienden ut av landet.

I mai 1659 kom osingane heim att, og fekk mykje heider for sitt storverk; og «heller aldri hev vel osingane kome heim frå ei so ærefull ferd som denne,» skriv Nils Tveit i Ossoga.

Kyrkjesundag og militær øving

Kyrkjesundagen i eldre tid var vel noko langt meir enn me i dag kan forestilla oss. Lars Larsen med sjøen f. omlag 1660, starta så smått sin eigen øl og mathandel med kyrkjefolket kring 1700. Dette utvikla seg i negativ lei, og ikkje minst etter at ein fekk vertshus på Osøyro, flaut brennevin rikeleg og kyrkjefolket var ikkje noko unntak når det galt bruken av drykken. - Av og til rauk almugen saman til slagsmål inne i kyrkja, og det var fleire som hadde vanskar med å finna vegen rundt altaret når dei skulle ofra, vert det sagt, om me skal tru dei historiske kjeldene.

Men det var ikkje berre øl og brennevin som skipla gudstenesta i Os. Soldatøvinga som gjekk føre seg på flaten utanfor kyrkja var spanande. Her var unge gutar frå vid omkrets samla til eksersis. Dette var nye og forvitnelege ting og presten fekk ein hard konkurrent. Til slutt vart han arg og klaga seg i sterke ordlag over at almugen heller gav seg til å sjå på soldatane enn å høyra på preika. Når me veit at dei stakkars soldatgutane som ikkje fekk det til slik befalet ynskte, vart prylte med stukk, var det ikkje å undrast at her var noko å bisna på som var langt meir fart over enn det presten kunne by fram innadørs.

Det var ikkje berre striden med å få almugen til å koma innanfor kyrkjedøra, ospresten var oppteken av.

I eldre tid var det slik at dei som blei utnemnde til lærarar vart fritekne frå militærtjeneste. Dette gjorde at lærarane ofte sto berre ei stutt tid i yrket, så pass at dei slapp fri herteneste. Dei militære sjefane var svært misnøgde med denne ordninga og det rasa ein sterk strid om saka. I 1770 sender bispen ut eit skriv til prestane om at dei så langt råd er, berre må tilsetja «vanføre, halte, krokryggede og elles små og uanseelige personer» til lærarar. Og når me legg til at det av lærarane på denne tid ikkje vart kravt at dei meistra skrive- og-reknekunsten, fortel vel dette noko om prioritering i samfunnet.



Løytnant Meidell set seg på kanonstoda og ventar på svenskane.
Etter teikning av Bloch.

Tysk leining

Frå gamalt av såg ein på krigarar som ei yrkesgruppe. Av innkoma ved Leidangskatten hyrde kongen seg hermenn, både innan- og utanlands. Etterkvart la tyskarane seg meir enn andre etter dette yrket. Og det er såleis ikkje underleg at dei første offiserane me kjenner til i Os, kom frå Tyskland.

15. august 1718 stemnde den tyske offiseren Johann Jakobws Pritzier inn Bjørnefjorden saman med familien. Han var fødd i 1682 i Wittiberg slott i Harburg, og var son av bryggemeisteren på slottet.

Osingane heldt på med kornskurden denne augustdagen, og då kona, den danskfødde Gye, ser kornstaurane, skal ho ha ropt til mannen: «Se, Johann, se baggen, nå samler han seg.» Ho hadde i 8-10 år flakka rundt med krigerske herfolk og trudde at kornstaurane på Bø og Lyssand var norske soldatar (nordbagger) som fylka seg til kamp.

Same året kjøper Johann J. Pritzier gardane Molda og Klyva og buset seg på Molda. Straks etter byggjer han nytt våningshus som i 1884 vart kjøpt inn som kommunehus og flytt til Osøyro.

Grunnen til at Pritzier kom til Os nett i 1718, ligg truleg i at dette året vart regimentet delt i to og me fekk ei omorganisering av militærvesenet med eit Nordre og eit Søndre regiment i Bergenhus stift.

Det er ikkje dokument som fortel at Pritzier fekk føra osingane i kamp dei åra han var i bygda. Men at han var ein krigslysten mann, fekk han dokumentert gjennom to rettsaker han førde for å reinvaske borna sine som kvar på sin måte var komne i vanskar. Sonen Johan Ferdinand August skulle ha barn med ei tenejente, og det fekk Pritzier til å grava fram ein lovregel om at «Dersom nogen Qvindeperson, være sig En-

ke eller Møe, som staar i nogen Dannemands Brød eller Tieneste, lader sig af sin Husbonde, hans Søn, eller den han i sitt Hus beskriver, beligge, da skal hun ikke vinde noget Egteskab, og hun bør desuden straffes, som for aabenbare Utroeskab.» Saka kom opp, men jenta strauk sin veg, og slapp sikkert straff. Det er i alle høve ingen ting som tyder på at domen vart sett i verk.

Den andre «krigshandlinga» var mot ein offiser som hadde sett ut rykter om dottera sin moral. Her gjekk han for langt, og det enda heller ynkeleg for majoren.

Seinare finn me mellom leiarane av Oskompaniet oberst Frantz Henrich Meidell, som hadde si ætt frå Estland, og Christian Ulrich Bætzmann.

Heradet leiger grunnen

I slutten av 1870 åra vart eksersisplassen på Osøyro lagt ned og flytt til garden Ulven der forsvaret i september 1875 oppretta leigekontrakt med forstvesenet med tanke på å disponera garden til militært øvingsområde. Det gamle militærområdet på Øyro vart liggjande unytta i nokre tiår. Os kommune eigde ikkje grunn i heradet, og i 1913 vart det vedteke å kjøpa inn den gamle eksersisplassen. Kjøpet vart ikkje noko av, avdi det var ugreie om kven som kunne selja; Forsvarsdepartementet, eller Kyrkjedepartementet. Då det langt om lenge vart klart at det var prestegarden som eigde grunnen, fekk ikkje heradet kjøpa egedomen, men leiga han på 99 år.

I dag finn me at størstedelen av området er disponert til forretnings- og bustadområde, og alle synberre minne frå den militære bolken er borte frå Osøyro.

Beste måten

å halda seg orientert om kva som skjer på lokalplanet er å lesa

Midhordland

lokalbladet for Os og Fusa

Tresko og treskoarbeid

Av Annanias Lien

«Tripp trapp tresko, skit i dine lersko», lyder ei gamal barneregle. Dette seier vel noko om kva treskoen tydde for det gamle bygdesamfunnet og korleis vanlege folk såg på slike som ville vera litt finare enn andre og gjekk med lersko til kvardags.

Treskoen vart brukt alle stader, i fiskebåten og i floren, på åkeren og i skogen. Strilane på Torget i Bergen gjekk i tresko, borna gjekk på skulen i tresko, og ein gamal mann fortalde meg for 50 år sidan at dei gjekk til dans i tresko. Men då heiv dei treskorne av seg og dansa på berre sokkeleisten, og det var ikkje mykje att av sokkane heller når dansen var slutt. Dei var lette å trø nedi når dei gjekk ut, og endå lettare å springa utav om du måtte springa etter kalvane.

Treskoarbeid i kvarmanns stova

Nils Tveit fortel i bygdesoga at etter segna skal treskolaginga ha byrja på Tysnes. Kva tid det kom til Os veit me ikkje, men i slutten av 1700-talet finn me i gamle skrifter at treskoverkty var vanleg på gardane. Etter 1800-talet var det kome so langt at stabben og treskokrakken stod i kvarmanns stova, og både mannen sjølv, sønene hans og drengen sat med treskoarbeidet om vinterkveldane. Dei selde mykje treskor både til dei ytre bygdane og til handelsmenn i Bergen. Prisen treskogravarane fekk då var 2-3 sjeling for paret, og dei rekna materialprisen for å vera ein femtepart av utsalprisen. Dette høver heilt med det som er fortalt frå mellomkrigstida. Då fekk gravaren 80 øre til 1 krone paret, og materialprisen var 20 øre paret.

God attåtinnkoma

Økonomisk hadde det nok også mykje å seia for bygda. Nils Tveit fortel at ein skogforvaltar Skadsem granska desse tinga, og fann ut i 1891 at det var seld kring 80 000 par tresko for året ut av bygda, prisen då var 20-25 øre paret. «I 1920 var det 70 mann som dreiv treskoarbeid på gamlemåten, ved handarbeid, i Osbygda. Dei fleste hadde det som attåt næring. Kor mange par desse treskomakarane laga for året, veit me ikkje. Men reknar me kring 500 par for året, vert det mellom 30 og 40 tusen par, og til ein pris av 1,- til 1,50 kroner paret, vart det framleis ei lita innkoma for bygda av treskoarbeidet.»

Medan murarar, bygningsmenn og målarar ofte måtte ut til andre bygder eller byen og gjerne vera borte store delar av året, hadde treskogravararen arbeidet sitt heime på garden, og kunne difor nytta kvar time han kunne ta seg fri frå gardsarbeidet.

«Emne - gut! Det lyt du ha»

Først laut dei til skogs å henta treskoemna. Det var mest furu som vart brukt, men einiskilde gravarar kunne også bruka andre tresortar t.d. older. Mange

av treskogravarane hadde skog sjølve, men andre hadde lite eller ingen so dei måtte kjøpa eller byta til seg materialen. Det var heller ikkje alle som hadde hest på dei små bruka sine, og Fredrik A. Heggland, som no er over 80 år, seier det slik: «Frå eg var 12 til eg hadde fylt 16 år var eg mykje med i treskokjellaren, men det var berre etter at treskoen var tilhoggen at eg gjorde mitt arbeid. So var eg med i skogen om vinteren og fekk fram materialar, å kjøra timber var eit triveleg arbeid, men ofte kaldt. Hestelåna vart betalt med at eg også kjørde for dei som eigde hesten.»

Det aller beste var å få tømmeret heim etter kvart dei hadde bruk for det, for «stu-rå» treskoemne var mykje lettare å grava utor enn slike som hadde lege å turka og var vortne harde og seige i veden. Berre det å kappastokkane i passeleg lengde var eit ansvarsfullt arbeid. Det var viktig å få nytta alt på beste måte, det måtte vera minst mogeleg å hogga vekk når emna skulle formast til tresko.

Skonummer etter augnemål

Dei hadde eit eige lag med øksa desse karane. Enden av økseskaftet kvilde heile tida mot same punktet på høgare låret, både når dei hogg og når dei letta øksa opp att. Å ha to eller tre bøter på bukselåret, kanskje med ulik farge på kvar bot, vitna berre om at mannen hadde vore flittig ved treskostabben.

No skulle skoen få skapet sitt. Storleiken var avgjort ved kappinga, no var det forma, hælen, og utsjånaden. Breidda måtte svara til lengda, botnen og hælen litt å slita på utan at skoen vart alt for tung. Her var det berre augnemålet å lita på, og dette ymsa nok litt frå den eine til den andre gravaren.

Treskoen formar seg

Treskokrakken vart teken fram, og den tilhogde treskoen sett fast med kilar. Krakken er ei litt tjukk trestamma som det er saga eit hakk i i eine enden, ca. 12-15 cm. breidt og med beine kantar. Vel desimeteren djup i enden, og 30 grader skråning til null. Her vert skoen kilt fast, og er det ein liten sko må det både «flatkile» og vanleg kile til før skoen sit fast nok. Gravaren set seg over krakken med «sjylpen» og ein tung hamar for no skal det lagast plass for foten. Sjylpinga er tungt arbeid og det tek si tid, men det er dette arbeidet unggutane, som skal verta treskogravarar, først får prøva. Når han so har hogge ut det han kan ta med sjylpen, flyttar han skoen over i den andre krakken som er laga av ein passe breid planke med fire bein under og med eit hol i kvar ende, eit som passar til små og eit til store skor. Det må gjerne vera ein «låke» til å smetta ned attmed skoen for at han skal sitja godt fast. No skal det lagast plass for tærne. Først eit hol fram gjennom tåa med «treskonavaren», for sidan å utvida det med «stuboren» og «treskoskjæra».



Fredrik Abrahamson Lunden (seinare Heggland) fødd 1855 var treskogravar heile sitt liv til han var over 90 år. Bilete frå kring 1930.

Finarbeidet til slutt

Dette er berre grovarbeidet, finarbeidet syter gravejarnet og til sist slettejarnet for. Men han skal slettast utanpå og, bringefjøla og bandakniven må hentast fram. Gravaren set seg på krakken, stemmer treskoen fast mellom låra og bringefjøla og slettar dei etter hogginga med bandakniven, som er ein kniv med handtak i båe endar, og er difor lett og god å arbeida med. Med tolekniven slettar dei so overkanten på skoen, tek vekk skarpe kantar, og heilt til slutt var det «dekorasjonen» eller kanskje rettare; gravaren sitt «varemerke», ei eller to render langs kanten på skoen framme på rista, skorne med tolekniven. Her hadde gravarne ulike mønster, så det var råd å sjå på skoen kven som hadde laga han. Siste operasjonen var tjørebreinga - og so var skorne ferdige til å bruka eller selja.

— krev godt verkty

Godt verkty er halve arbeidet, og skulle dei hogga og grava 8 til 10 par tresko for dagen, nytta det ikkje med verkty som det ikkje sto bet i. Difor reiste dei gjerne lange vegar for å koma til ein god «betjarnssmed», for å få knivar, økser og treskojarn av beste slag. Og dei var varsame med betjarna sine. Ei tilpassa trehylse vart ofte tredd ned over skjæra på treskojarna når dei ikkje var i bruk.

Lang Handelsveg

I seinare år vart treskorne sende til byen med rutebåt eller lastebil, men det har ikkje alltid vore so lett. Lars T. Hjemdal fortalde at bestefar hans, som var

fødd i 1855, hadde bore mang ein treskosekk på ryggen frå Hjemdal via Krokvatnet og Gåssand - Søfteland og til Bergen, eller dei bar sekkene til Liastøo og rodde til «bydn». Liakarane var med og bar og fekk tresko som betaling.

Slik var det nok i dei andre krinsane i bygda og, det var nok å bera det på ryggen eller å ta det i båten. Me



Øvst frå venstre: Bandakniv, øks, tolekniv og sjylp. Under: Treskonavar, stubor, 2 gravjarn, 2 slettejarn og heilt til høgre treskoskjæra.

finn det nemnt fleire stader i bygdesoga at osingane rodde og sigla til Bergen.

Det var andre ting òg dei kanskje måtte reisa etter.

Lerskoen tek over

I mellomkrigstida, etter elektrisiteten var komen til bygda, vart det sett igang fabrikkar for å laga tresko. Ein på Søfteland og ein i Hatvik. Her var det motor-driven kappsag, øksa bytt ut med kopieringsmaskin, sjylpen med ein fres og treskonavaren og treskoskjæra med eletriske borar, berre slettinga gjekk for seg på gamlemåten. Desse fabrikkane gjekk vel fram til 50-60 talet, so vart det jamnt slutt. Søftelandsfabrikken

brann ned og vart ikkje atterreist, og den i Hatvik er no riven for å gje betre plass på ferjekaien.

No er det slutt på treskogravinga i bygda vår. Ei 3-4 hundre år gamal grein av yrkeslivet i bygda er borte. Men det var eit yrke som hadde so stort verd for bygdesamfunnet vårt at det er vel verd å hugsa.

Skriftlege kjelder:

Nils Tveit: Os soga, fyrste band s. 193-201.
Fredrik A. Hegglund.

Elles har Lars T. Hjemdal gjeve meg dei fleste reine arbeidstekniske opplysningane.

Treskokrakken

*Eg står her på Gamlastovskukken.
Dei sett meg der, eg er no so gamal og skrukken.
Det vart som eg sku' vera andre til mein,
her eg står på mine fira mitetne bein.*

*Men når gale sku' vera, har eg ein god plass her eg står
om ikkje det er, som i forgangne år.
Her er eg ikkje nokon til plaga
Her kan eg filosofera om dei gode gamle daga.*

*Utsikta mi her på skukken er nokso fri,
herfrå kan eg sjå ned på golvet til slekto mi.
Der står treskostabben so massiv og rund.
Han kjem dei til eitkvart bruka endå ei stund.*

*Og skylpestabben med treskogrop,
han står på ende bort i ein krok,
han er ei heller so svært forarga.
Dei har stroke på han so mange farga.
For det var slik når malarkosten vart litt slabben,
dei strauk dei reine på skylpestabben.*

*Produktet av oss alle tre,
dei er ikkje so ofte lenger å «se».
Men vil du bort i kråi glo
finn du kan henda endå eitpar svartmåla sko.*

*Treskoverktøyet er der, men er vel av rusten litt svekka
Men dei heng der framleis på veggen i kvar si hekkja.
Og brystfjøla er der, med sine mange sår
som ho fekk av bannakniven gjennom mange år.*

*So me er her adle som til faget skal høyra.
Men treskoklappring er snart burte for øyra.
For folk gjeng snart ikkje meir,
dei berre i bilen skal køyra.*

*Kunne eg ha snakka i ord og bokstava'
eg kunne ha fortalt om mange frå vogga til grava.
Alt som eg hørde var vel ikkje skikka for prent,
skulle eg rota om alt som var sagt og hendt.*

*Om vinterkvelden, om det vart for kaldt i bua,
då vart eg teken med inn i daglegstua.
Der ein 10 lingjerslampe på eit blekkspann sto'
imens husbonden verka til mangt eit par sko.*

*Ein søndag kunne eg òg vera til stas,
då dei la på meg ein duk og kanda oppå ein blomstravas'
og kom det ein nabo på vitjing inn,
fekk han på meg kvila bakenden sin.*

*Det hende òg at husmor i huset på meg fekk sitja
då ho ved grua sku' baka.
Det kunne vera flatbrød, -eller fronsakaka.
Eller ho sat under pøsekoking og i gryta si kikka
samstundes som ho på sokkar og vottene strikka.*

*Men den tida kjem nok diverre ikkje att
at eg vert nytta frå tidleg morgon til natt.
De veit nok ikkje kva de med det vil forsaka
som oss gamle har gløymt og har oss vraka.*

*I den tida dei kunne tenkja over problema i ro
og som gode naboar i saman «bo».
No må da gå i eit einaste jag.
Kor skal vel dette enda ein dag?*

Lars A. Strønen



Jugoslavar som krigsfangar

Av Kåre Herdlevær

«Jeg ber om en ting: Dere som overlever denne tiden, må ikke glemme. Glem hverken de gode eller de onde . . .

En dag blir dagen i dag fortid, man vil tale om en stor tid og om navnløse helter som skapte historie. Jeg skulle ønske at man var klar over at det aldri fantes noen navnløse helter. De var mennesker og hadde navn».

Julius Fucik, tjekkisk forfatter og journalist som fall i kampen mot okkupasjonsmakta i 1943.

Dei jugoslaviske krigsfangane som kom til Noreg sommaren 1942 var også menneskje, men vart nok ikkje behandla som slike. Dei var utan nummer og namn og utan fangeplater. For vaktmannskapet var dei ikkje menneskje, ikkje vanlege fangar, men undermenneskje.

Dette skriv den jugoslaviske forfattaren Cveja Jovanović om i boka «Flukt til friheten». Vi finn her ei av dei få skriftlege framstillingane om lagnaden til dei 27 serberane som ligg gravlagde på Os kyrkjegard.

Våren 1942 tok desse, og 863 andre medfangar, fatt på den lange turen til Noreg. Først i fangetransport med båt på Donau og seinare med båt Bergen. Dette var dei første av dei omlag 4200 jugoslaviske fangane som kom til leirar i Midt- og Nord-Noreg i 1942/43.

Den 13. juni 1942 klappa skipet «Gotta» til kai i Bergen. Symbolsk nok var det til «Tyskebryggen», no «Bryggen», skipet la til. Men fangane vart ikkje ført i land før nærare midnatt, slik at så få nordmenn som råd var skulle sjå framferda til vaktene. «Noe slikt hadde aldri vært sett eller hørt på den gamle Bryggen i Bergen», skriv Jovanović, som sjølv var med i fangetransporten.

I tresko trampa den lange fangekolonnen gjennom dei folketome gatene, like til «Reperbanen» ved Solheim kyrkjegard. Litt av ein marsj for utsvelta og

delvis skjuke fangar. Dei vart innesperra i «Reperbanen» i omlag ein månads tid. I denne tida fekk dei «helsingar» på mange forunderlege måtar av nordmenn som gjekk forbi. Dei følte då at dei var komne til eit venlegsinna land, noko som sjølvsgatt gjorde fangelivet lettare for dei.

Den 8. juli vart 400 mann transportert med båten «Konstanza» til ein leir i Karasjok. Ti dagar seinare vart 463 mann transportert til ein leir i Botn i Nordland. Men kvar var det så blitt av dei 30 som no mangla av dei 893 som kom hit?

Ein var sjuk og vart skoten like etter dei kom til Bergen. To vart skotne under flukt.

Den 17. juli spurte fangevaktarane om det var nokon som kjente seg sjuke. «For dei som er sjuke skal vi senda på sjukehus», vart det sagt. 27 godtruande fangar melde seg, trass i at dei vart åtvare av medfangar. Åtvaringa gjekk ut på at dei nok ikkje var sendt hit til Noreg for å koma på sjukehus. Men dei 27 innsåg ikkje fåren. Dei vart køyrde til Ulven og skotne neste dag, etter at dei hadde grave si eiga grav.

Det var få vitne til denne ugjerninga. Men Marie Østrem fortalde til Jovanović i 1970 at mannen hennar, Reinholt, var ein av dei som kjende til det, sidan han arbeidde i smia på Ulven. Såleis har det vore råd å rekonstruera hendinga slik at desse 27 serbarane kunne bli gravlagde på Os kyrkjegard etter krigen.

I juni 1982 fekk vi høve til å ta oss av to brør frå Jugoslavia, som hadde ein far og ein onkel i serbergrava. Deira høgste ønskje er at det skal koma ei namneplate på minnesteinen. Men som eg sa i innleiinga, «dei var utan nummer og namn og utan fangeplater». Det er såleis eit heilt detektivarbeid å finna alle namna. Men det er godt igang og vona er at det om ikkje så lenge skal koma namneplate på denne minnesteinen, slik det er på dei andre minnesteinane på kyrkjegarden.

Kjelde: Cveja Jovanović: «Flukt til friheten».



Brørne Zivan og Radolje Jokic fann faren si grav etter 40 år.



Arne Mæland

SVETLANA KRIZOVA

(tilbake i Praha etter fluktforsøk til Vest-Tyskland via Noreg)

Dei sette grense for
kjarleiken din Svetlana
og brukte mot deg
det einaste du ikkje
kunne sleppa
– barnet –

to klåre augo
ei lita lubben hand
var prisen
du ikkje kunne gje

ingen følger spora dine
no lenger
du er komen heim
Svetlana
der du var etla til

Kva du føler –

der går ingen grenser
for smerta du ber
eller for songen
du aldri skal syngja

men du kan fylla
hendene med
mjuk varme
no
medan timane tikkar
deg bort frå han
som tende stjerner
over ditt liv

Bente Bratlund Mæland

Med billetter frå vårt byrå,
kan du heile verda nå.



POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. (05) 30 11 90
TELEFAX (05) 30 27 01

OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

Styret 1987:

Leiar: Samson Bogevik – Nestleiar: Johnny Haugland
Kasserar: Mette Samdal – Studieleiar: Thana Rongen
Skrivar: Anne Margrethe Hjemdal.

*Bli medlem du òg.
Ta kontakt med eit av styremedlemene.*

**Skal De ut å reisa, –
eller treng ein lastebil,
ring, eller ta kontakt med
vårt trafikkontor på Osøyro.
Telefon 30 06 10.**



BILRUTA FANA-OS-MILDE L-L

Vil du ha ein festleg kveld,
kom til Solstrand Fjord Hotel.
Skal du feira bryllaupsfest,
er vårt tilbod sikkert best.



Bli abonnent du òg!

*Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!*

OS & FUSA POSTEN

Boks 272 – 5201 Os – Tlf. 30 29 50

Til kjøkken, bad og vaskerom
har vi det meste, så berre kom
og kjøp det du treng, vi installerar,
når gamle røyr ryk, vi reparerar.



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat (05) 30 02 55
Kontor: (05) 30 15 83
Mobil: 090 71461



Skal du pusse opp?

Kjøp verktøyet nå!

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok
der du kan kosa deg med
ei bok.

Me har også seng og bord,
både for liten og for stor.

**Møbelservice
på Søfteland**

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

A.s Os Fargehandel

5200 OS - TLF. 30 03 80 - 30 14 72
Avd. INTERIØREN - Tlf. 30 03 80



I sentrum
når det gjelder
bankforretninger.

**Roser og
dekorasjonsplanter**

Erling og Terje Lunde's Gartneri

5228 Søre Neset - Tlf. 30 52 28

TREFF **FOTO**

FOTO LABBEN I
OS GLASSMAGASIN
Varehuset Midtpunkt - 5200 Os
Telefon 30 11 69

Times levering av fargebilder

Forstørring 15x20 og 20x30

Ferdige rammer i tre og metall.
Innramming av bilder - maleri - posters -
stramei - kunstbroderier etc.

OS GLASSMAGASIN A S

«Butikken med fantasi og miljø»

«Som regel først
med det siste».

Forhandler for:
Hadeland Glassverk og Bing og Grøndahl (porselen).

*Vil du sleppa å bli våt,
kjøp deg Askeladden båt.*

ASKELADDEN
BÅTEN FOR ALLE

HENRIH J. ASHVIKS SØNNER
SALGSKONTOR: L. H. BERGE
Sandviken — 5001 Bergen
Tlf. 30 81 60

*Me har alt det som du søker
av skrivesaker og av bøker.*

M. K. OLSEN

BOK- OG PAPIRHANDEL A.S
5200 OS
Telefon: (05) 30 04 30

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

a/s byssand  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 30 55 10

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER
ARNE STRØNEN 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 30 80 81 - BUTIKK: 30 11 80

*Vestlands-
lefsa
til kvardag
og fest,
smakar alltid best*

**Vestlands-
LEFSA**

BØE LEFSEBAKERI A.S

5200 OS - TELEFON (05) 30 03 20 - (05) 30 03 47

HAR DU BYGGEPLANER?



Hetlandhus OS

ELVEGÅRDEN - POSTBOKS 240 - 5201 OS - TLF. (05) 30 05 80 - 30 15 33

StenPortner MK JÆREN RRAO

**Når du treng BORD ELLER SENG
ELLER EIN SOFA TIL HYGGE OG KOS
Kom til møbelsenteret på Os**



*Eit handelslag sel ikkje berre mat –
nei, her får du også ein liten prat –
vi meiner dette er god politikk,
så støtt opp om oss og din nærbutikk.*

HEGGLANDSDALENS HANDELSLAG

Tlf. 30 90 30

I kvardagslag som til brudlaupsfest
brød og kaker frå oss er best.

NESSE HEIMEBAKERI

Søre Neset — Tlf. 30 52 24

*Ein blome til kvardags,
ei rose til fest –
til heimebruk, eller når
du er gjest!*



Halhjem Gartneri

Tlf. 30 51 78

*Vil du vite
kor mykje du har
på kontoen din?
Ring kontotelefonen
05-21 79 00*

*Du kan ta ut
pengar heile døgeret
i miniBanken med
Personkort eller
mini Bank-kort*

SPAREBANKEN
VEST
AVDELING OS



Hiba gruppa

**Når eit hus du byggja vil,
skal me gjerne hjelpa til.**

hiba hus

HIBA HUS OG HYTTER -
KJØKKEN - JERNVARER
KAMINER - BYGGESERVICE -
TEGNEKONTOR

ODD TØSDAL BYGG A/S

TRELAST OG BYGGEVARER

FLÅTEN - POSTBOKS 70 - 5201 OS - TLF.: (05) 30 02 50

Med pengar på rett konto er ingenting umogleg!

Høgrentekonto i Fokus Bank betaler seg godt!
Du får 11% rente frå første krone, og for det som
overstig 50 000 er renta heile 13%.

Vilkåret er at du berre har 6 uttak i året. Summen
avgjer du sjølv - i tillegg kan du fritt heve renta frå
fjoråret. Ved fleire uttak må du betale 4% gebyr på
summen du tar ut.

6 uttak i året er ikkje lite. Derfor kan Høgrentekontoen
vere eit godt alternativ for oppsparing til større
økonomiske utlegg som møbler, ferie, oppussing m.m.
Og dersom du sparer langsiktig på ein Høgrentekonto,
er kapitalen fordobla etter 7 år!

Med pengar på Høgrentekonto kan du få råd til
ferieturen du så lenge har planlagt. Til å be gode
venner i middagsselskap. Eller kjøpe det klesplagget du
så lenge har ønskt deg - eller.... (Nesten) ingenting er
umogleg dersom du plasserer pengane dine på rett
konto!

Kom innom for brosjyre og fleire opplysningar!

FOKUS Bank